



FORSKRIFT OM GEBYRREGULATIV FOR ARBEID ETTER Matrikkellova

Vedteke i Ulstein kommunestyre den 12.12.2024, sak 150/24.

Ikraftsetjing: 01.januar.2025

Heimel: Matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta §§ 16, 17 og 18

Denne forskrifa erstattar «Forskrift om gebyrregulativ og utsett frist for oppmålingsforretning i vinterperiode for forvaltningsoppgåver» vedteken av Ulstein kommunestyre 21. januar 2010 og «§ 5 Gebrysatsar i gjeldande forskrift om gebyr for arbeid etter matrikkellova» vedteken av Ulstein kommunestyre den 14.12.2023.

Vedlegg til forskrifa:

Gebrysatsar for oppmålingstenester 2025

§ 1 Føremål

Gebyrregulativet skal:

- sikre at kommunen sitt gebyrregulativ er i samsvar med matrikkellova
- legge opp til gebyr som fremjar føremåla med lova
- gje lettare samanlikningsgrunnlag av kommunale gebyr også i høve KOSTRA-rapportering
- gje eit regulativ som er oversiktleg og er enkelt å praktisere
- gjere kommunen medveten på sine eigne kostnadars og for mogleg dekning av sjølvkost i høve til retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale tenester, publikasjon H-2140 utgitt av Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).

Føremålet med unntak frå fastsett frist til gjennomføring av oppmålingsforretning er å kunne utsetje gjennomføring av oppmålingsarbeid om vinteren.

§ 2 Definisjonar og forklaringer

Gebyr etter Lov om eiendomsregistrering (matrikkellova): lovheimsle pengevederlag for enkeltoppgåver som kommunen utfører som mynde.

For andre omgrep sjå matrikkellov og matrikkelforskrift.

§ 3 Heimelsgrunnlag

Matrikkellova §§30, 32 med tilhøyrande forskrift §§16 og 17 heimlar gebyrfastsetting etter matrikkellova. § 18 i matrikkelforskrifta gjev heimel til unntak for tidsfristar til gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

§ 3.1. Betaling for utlevering og handsaming av opplysningar frå matrikkelen etter matrikkellova § 30

Kommunen sitt høve til å levere ut og ta betaling for matrikkellopplysningar vert avgjort av Statens kartverk og er såleis ikkje omfatta av dette gebyrregulativet, jf. matrikkelforskrifta § 17.

§ 3.2. Bakgrunn for gebyra

I premissane for matrikkellova er det sagt at kommunane skal få dekt sine kostnadars i samband med lova i form av gebyr. Det skal være eitt samla gebyr for oppmålingsforretning og matrikkelføring.

For oppgåver utført som mynde skal det generelt krevjast meirverdiavgift. Alle oppgåvene spesifisert i matrikkellovas kap.5 og 6 er oppgåver utført som mynde, og derfor friteke for meirverdiavgift, jf.

Merverdiavgiftslova §5b, første ledd nr 7.

§ 4 Generelle føresegner

§ 4.1. Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkavret vert retta mot rekvinrent dersom ikkje anna skriftleg er avtalt.

Saksgebyr etter matrikkellova skal betalast sjølv om saka ikkje vert fullført, men etter ein redusert gebrysats.

Dersom rekvinrenten av ulike årsaker har betalt for mykje i gebyr, skal kommunen så snart det er klarlagt, betale tilbake det som er betalt for mykje. Ein kan ikkje krevje rentetillegg dersom ein har betalt inn for mykje i gebyr.

§ 4.2. Kva regulativ skal nyttast

Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal utrekna etter det regulativet som gjeld den dato kommunen mottekk ein fullstendig rekvisisjon. Dersom rekvinrent ønske utsett oppmålingsforretning og matrikkelføring skal gebyret rekna etter det regulativ som gjeld når kommunen får beskjed om at rekvinrent ønske arbeidet utført.

§ 4.3. Tidspunkt for betaling

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr.

Kommunen kan krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelige gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

§ 4.4. Endring av regulativet eller gebrysatsar

Storleiken på gebrysatsane etter desse reglar skal vurderast kvart år i samband med budsjettarbeidet.

Administrasjonen skal legge forslag til justering av gebyret fram for politisk handsaming.

§ 4.5. Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar som eks. tinglysingsgebyr og dokumentavgift for saker etter dette regulativ, skal utskriving og innkrevjing av statlege og kommunale gebyr skje samordna.

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvinrenten.

§ 4.6. Timepris

Timekostnad i dette regulativ skal dekkje både direkte og indirekte kostnadar.

§ 4.7. Redusert gebyr ved oppdeling av parsellar etter arealformål i gjeldande plan, pr rekvisisjon.

Der det på ein eidegdom skal delast frå minst ei bustadtomt og i tillegg fleire parsellar med bakgrunn i ulike arealformål i gjeldande plan, skal det bereknast fullt gebyr for opprettning av grunneidegdom pr parsell som gjeld område regulert til «Bygningar og anlegg».

For parsellar som er regulert til «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» og «Grøntstruktur» kan gebyr pr parsell reduserast til 1/3. Ein føresetnad for slik reduksjon i gebyret er at alle grenser for desse parsellane er i samsvar med formålgrenser i plan eller at grensepunkt er koordinatbestemte med koordinatkvalitet 14 cm eller betre.

§ 4.8. Urimeleg gebyr

Dersom gebyret er klart urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadar kommunen har hatt, kan kommunalsjef teknisk eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passande gebyr. Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr. Avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan pålagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 4.9. Innhenting av opplysningar

Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvinrenten etter medgått tid.

Når det gjeld dokumentutforming og utveksling av pengeyting mellom partane, kan kommunen etter forskrift til matrikkellova §15, krevje at partane sjølv handterer dette, eventuelt at partane får hjelp av eigedomsmeklar, advokat eller liknande.

§ 4.10 Arealoverføring

Når det gjeld dokumentutforming og utveksling av pengeytning mellom partane, kan kommunen etter forskrift til matrikkellova §15, krevje at partane sjølv handterer dette, eventuelt at partane får hjelp av eigedomsmeklar, advokat eller liknande.

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

§ 4.11. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulerung

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebrysatsene sett til 1/3.

§ 4.12. Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§ 4.13. Klage

Enkeltvedtak etter dette regulativet kan påklagast. Statsforvaltaren er klageinstans. Klage på gebyrfastsetjing gir ikkje utsetjing av betalingsfristen. Klagefrist er 3 veker.

Fastsetjing av gebyr i ei einskild sak etter regulativet, kan ikkje påklagast, jf. § 40 i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd etter søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

§ 4.14. Unntak for tidsfristar - vinter

Tidsfristen som er sett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd går ikkje i perioden 1.desember til 1.april.

Vedlegg – Gebrysatsar for oppmålingstenester 2025

Vedteke i Ulstein kommunestyre den 12.12.2024, sak 150/24.
Ikraftsetjing: 01.januar.2025

A. Oppretting av matrikkeining			
A.1. Oppretting av grunneigedom og festegrunn			
a) areal frå 0-2000 m ²			kr 26 415
b) areal frå 2001-20.000 m ²		auke pr. påbegynt daa	kr 1 035
c) areal over 20.001 m ²		etter medgått tid - minstegebyr	kr 45 050
A.2. Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn			
a) areal frå 0-2000 m ²			kr 8 313
b) areal frå 2001-20.000 m ²		auke pr. påbegynt daa	kr 607
c) areal over 20.001 m ²		etter medgått tid - minstegebyr	kr 19 237
A.3. Oppmåling av uteareal på eigarseksjon			
a) inntil 1 eigarseksjon			kr 16 647
b) auke utover 1 seksjon		pr. seksjon	kr 5 196
A.4. Oppretting av anleggseigedom			
a) volum frå 0 - 2000 m ³			kr 26 415
b) volum frå 2001 m ³		auke pr påbegynt 1000 m ³	kr 1 035
A.5. Registrering av jordsameige			
a) etter medgått tid		minstegebyr	kr 8 313
Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturerert vidare til rekvikrenten			
A.6. Oppretting av punktfeste			
a) utan oppmåling i marka		pr. punktfeste	kr 1 400
A.7. Oppretting av tilleggsareal til grunneigedom eller festegrunn			
a) grunnsats			kr 15 294
b) tillegg pr m ²			kr 10
Maksimalt areal som kan frådelast etter dette punktet er 500 m ² , det er eit vilkår at det skal samanføyast med ein grunneigedom etterpå.			
A.8. Oppretting av matrikkeining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)			
a) satsar etter A.1-A.5 gjeld - i tillegg kjem eit tilleggsgebyr			kr 7 254

B. Grensejustering			
B.1. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige			
a) areal frå 0 - 250 m ²			kr 9 352
b) areal frå 251 - 500 m ²			kr 13 508
Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m ²). Ein eigedom kan likevel ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.			
B.2. Anleggseigedom			
a) volum frå 0 - 250 m ³			kr 12 469
b) volum frå 251 - 1000 m ³			kr 15 606
For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1000 m ³			

C. Arealoverføring			
C.1. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige			
a) areal fra 0 - 2000 m ²			kr 26 415
b) areal fra 2001 m ²		auke pr. påbegynt daa	kr 1 035
<i>Ved arealoverføring <500 m² mellom to eigedomar der begge har same heimelshavar og det dermed ikkje er nødvendig med erklæring om verken arealoverføring eller konsesjonsfridom, skal gebyret reknast etter satsane under A.7. Denne typen arealoverføring utløyser heller ikkje dokumentavgift.</i>			
C.2. Anleggseigedom			
a) volum frå 0 - 250 m ³			kr 12 469
b) volum frå 251 - 1000 m ³			kr 15 606
<i>For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining viss vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.</i>			

D. Klarlegging av eksisterande grense			
D.1. Der grensa tidlegare er koordinatfesta etter oppmålingsforretning			
a) for inntil 4 punkt			kr 3 060
b) for overskytande grensepunkt	pr. punkt		kr 1 035
<i>Ein føreset at det finst målebrev/matrikkelbrev over eigedomen med grenser, som er koordinatbestemte med koordinatkvalitet 14 cm eller betre. Dersom grensa er av dårlegare kvalitet må naboeane kallast inn og det skal betalast gebyr etter D.2.</i>			
D.2. Der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta/eller klarlegging av rettar			
a) for inntil 2 punkt			kr 10 196
b) for overskytande grensepunkt	pr. punkt		kr 2 039
<i>Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.</i>			

E. Diverse andre gebyr ved oppmåling og matrikkelføring			
E.1. Privat grenseavtale			
a) etter medgått tid		minstegebyr	kr 4 078
E.2. Andre oppmålingstekniske arbeid			
a) etter medgått tid	timepris		kr 1 220
b) tillegg ved markarbeid med bruk av oppmålingsutstyr	pr. time		kr 608
<i>Meirverdiavgift skal leggast til etter gjeldande reglar.</i>			
E.3. Endring av bygningstype i Matrikkel			
a) endring av bygningskode 111/113 til kode 162/163			kr 1 400
<i>Ein føreset at det er søkt om og godkjend slik endring.</i>			
E.4. Matrikkelbrev			
a) matrikkelbrev, inntil 10 sider			kr 175
b) matrikkelbrev over 10 sider			kr 350
<i>Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk</i>			